

30 unge frå Bergen i camp ved Fjellandsbø

04.07.2007



Fisking på Fjellandsbøvatnet er ein av aktivitetane under leiren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag føremiddag kjem det over 30 ungdommar frå Bergen til Fjellandsbøvatnet for å delta i ei fjellsamling – også kalla "Base Camp".**

Den blir arrangert av ungdomsgruppa i Bergen Turlag og det er over 30 påmeldte. Deltakarane vil få svært varierte naturopplevingar, til dømes fjellklatring, fiske, kano- og kajakkpadling og tur til Geitadalstind.

Leiren skal vara til og med sundag. Dei unge vil kunne velja mellom ulike aktivitetar kvar dag, og om kvelden blir alle samla i ei felles camp prega av god stemning, mat og spennande historier, heiter det i programmet. Ungdommane kjem med båten direkte frå Strandkaiterminalen til Rosendal og nyttar same transportmiddel attende.

For å delta i campen betaler medlemer 800 kroner og ikkje-medlemer 1.000. Prisen inkluderer turleiing, instruksjon, leige av alt aktivitetsutstyr, overnatting, brødmat og middag, men reisa kjem i tillegg.

Ungdomsgruppa i Bergen Turlag har tidlegare hatt slike fjellsamlingar andre stader på Vestlandet, til dømes i fjar ved Buerbreen i nærleiken av Odda.. Men i år kom altså turen til Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen